



201104682-12  
KV

AS Tyssefaldene  
5770 TYSSedal

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201203895-3/344/EJWA

Dykkar ref.:

Bergen, 03. juli 2012


## Konsesjonssøknad for Tyssespranget kraftverk i Tyssedal, Odda kommune - førebels fråsegn - oversending av kostnadsoverslag for arkeologisk registrering i samband med undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova


Vi viser til konsesjonssøknaden motteke 02.05.2012, der Hordaland fylkeskommune vert beden om å gje fråsegn til konsesjonssøknaden for Tyssespranget kraftverk i Tyssedal, Odda kommune.

Miljørapporten som er lagt ved søknaden har ingen opplysningar om automatisk freda kulturminne ved det omsøkte tiltak. Ei freda ferdselsveg, Nordmannslepa, ligg ca 2 km nord for tiltaket. Vi kan ikkje sjå at området er registrert av arkeologar. Hordaland fylkeskommune vurderer området til å ha potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne. Det må difor påreknast ei nærare markundersøking for å få oppfylt undersøkingsplikta, jf. § 9 i Kulturminneloven. Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må bera kostnadene ved ei slik undersøking, jf. §§ 9 og 10 i Kulturminneloven.

Vi rår til at ein avventar konsesjonshandsaminga til kulturminneundersøkingane i området er utført. Hordaland fylkeskommune kan ikkje gje endeleg fråsegn til konsesjonssøknaden før undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven er oppfylt. Vi gjer merksam på at planane må reviderast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde dersom det viser seg at tiltaket eller delar av dette kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne. Hordaland fylkeskommune vil prøve å få gjennomført undersøkinga før vinteren i 2012, men vi har hatt utfordringar i å få tak i kvalifisert feltarbeidar til årets feltsesong. Dersom det let seg gjøre vil vi gjerne utsette arbeidet til etter snøen har smelta i 2013.

Vi ber om skriftleg godkjenning av vedlagt kostnadsoverslag med organisasjonsnr og adresse kor faktura skal sendast.

Venleg helsing  
  
Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

  
Elizabeth Warren  
arkeolog

Vedlegg: Kostnadsoverslag

Kopi: Norges Vassdrags- og energidirektorat  
Sondbø, Sølve Dag, Klima- og naturressursseksjonen